

ULVIK HERAD
Heradsstyret



Møteprotokoll

Sakene: 015/26- 028/26
Møtedato: 15.04.2026
Møtetid: kl. 12:30
Møtestad: Møterom - Hardangerjøkulen

Fylgjande medlemmer møtte:

	Parti
Linn Løvtangen Skeie	AP
Ronny Lunestad	AP
Hans Åge Ohnstad-Johansen	H
Stig Yngve Røkenes	H
Ingvild Breien Sygnestveit	SP
Jens Olav Holven	SP
Kåre Olai Solheim	SP
Nils Branstveit	SP
Torunn Pedersen Polden	SV
Håkon Gjerde	V
Ingeborg Hellesnes Uppheim	V
Katrina Kvåle Hellesnes	V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

	Parti
Alf-Gunnar Sortland	AP
Paul Richards	H
Guro Ljone	SV
Sevre Vestrheim	V
Sigrun Uppheim	V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

	Parti
Hans Petter Thorbjørnsen	AP
Magrete Garnes Øydvin	H
Jenny Merete Wright Johnsen	SV
Anders Kristoffer Oppheim	V
Ingrid Sponheim	V

Underskrifter:

Me stadfester med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 21.04.2026

Medlem
Alf-Gunnar Sortland

Ordfører
Jens Olav Holven

Medlem
Sigrun Uppheim

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
PS-015/26	Meldingar
FO-1	Forslag til ruteendringar 2026 Ulvik - Voss
FO-2	Høyring - Endringer i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven
FO-3	Høyringsuttale frå LVK
FO-4	Kopi av brev sendt til Politiet
FO-5	Protokoll frå kontrollutvalet i Ulvik herad 260226
FO-6	Kopi av brev sendt til politiet - Purring, ber om bekreftelse på kva politidistrikt som har overtatt saken og at vegen er sperret.
FO-7	Kopi av brev til heradsstyret - Ei ugyldig semja fra 1954 som falskt bevis
FO-8	Kopi av brev til hst - Klage på avvist henvisning frå fastlege Ikkje offentleg
FO-9	Ulvik kontrollutval partsbrev PS 8/26 Årsmelding for kontrollutvalet 2025
FO-10	Underretning om avgjørelse - saken er henlagt
FO-11	Vedtak - klage - offentleglova - Ulvik - innsyn - delegeringsreglement - Egil Klubben
FO-12	Årsmelding for AMU 2025 vedteke i AMU mars 2026
FO-13	Rapport Miljøfyrtårn Sentrumsbygget 2025
FO-14	Henvendelse til offentlige oppdragsgivere - fra Maskinentreprenørenes Forbund
FO-15	Til info - Eigarrapport 2026 - 1 frå Ferde AS
FO-16	Protokoll fra styremøte 11. mars 2026
FO-17	Årsrekneskap for kommunepsykologsamarbeidet 2025
PS-016/26	Godkjenning av møteprotokoll
PS-017/26	Underskrift på møteprotokollen
PS-018/26	Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål
IP-18	Interpellasjon frå SV til Heradsstyret 15.04.26
PS-019/26	Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar
PS-020/26	Hundekøyring i Slondalen
PS-021/26	Oppdatering av lokal forskrift om opning for jakt på hjort og elg samt fastsetjing av minsteareal og fellingsavgift
PS-022/26	Avklaring av vidare prosess for detaljreguleringsplan Bruravik kai
PS-023/26	Luktproblem på Hjeltnes og søknad om fritak for kloakkavgift
PS-024/26	Høyringsuttale til NOU 2026: 1 - En bærekraftig kommunesektor - Kommunekommisjonens første delutredning
PS-025/26	Skjenketider i samband med fotball-VM
PS-026/26	Bygdepris
PS-027/26	Suppleringsval i perioden 2025-2027

015/26: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 015/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

016/26: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken

HST - 016/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

017/26: Underskrift på møteprotokollen

Framlegg til vedtak:

Medlem 1:

Medlem 2:

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken

HST - 017/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Medlem 1: Alf Gunnar Sortland

Medlem 2: Sigrun Uppheim

018/26: Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

Framlegg til vedtak:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 018/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

019/26: Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar slik han ligg føre.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 019/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Heradsstyret vedtek plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar slik han ligg føre.

11.03.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 018/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Heradsstyret vedtek plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar slik han ligg føre.

020/26: Hundekøyring i Slondalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik herad gjev med heimel i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark og på islagte vassdrag av 15.5.1988 § 6 Mjølfjell Skilag v/Henrik Irgens løyve til bruk av snøskuter i samband med sporkøyring på Slondalsvatnet. Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld naudsynt sporkøyring med snøskuter på Slondalsvatnet for trening med trekkhundar, inn til 3 helger i perioden 2. desember 2026 til 30. april 2027. Køyreloggen her under skal fyllast ut for kvar tur før køyringa tek til:

Dato og klokkeslett	Signatur (skuterfører)

- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn løyve frå grunneigarar og eventuelt frå Voss herad for tilkomst til området.
- Slondalen ligg i aktsamheitsområde for skred. Tiltakshavar er sjølv heilt og fult ansvarleg for sikkerheita i høve til skred og trygg is mv.
- Løyvet gjeld berre køyring på trygg is og godt snødekke.
- Løyvet skal vere med under køyringa og kunne førevisast oppsynet ved kontroll.
- All motorisert ferdslе i utmark og på islagte vassdrag skal skje med alminneleg varsemd og omtanke for å unngå skade og ulempe for natur, miljø, menneske og kulturminne.

- Ved brot på vilkåra i dette løyvet, eller ved mistanke om negative miljøkonsekvensar av tiltaket, kan Ulvik herad når som helst trekke løyvet attande.

Vedtaket er vurdert i høve til Naturmangfaldlovas §§ 8 – 12. Og det kan påklagast av part i saka eller andre med rettslege klageinteresser jamfør forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage kan stillast til Ulvik herad.

15.04.2026 Heradsstyret

Endringsframlegg frå Høgre:

Ulvik herad gjev med heimel i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag av 15.5.1988 § 6 Mjølfjell Skilag v/Henrik Irgens ikkje løyve til bruk av snøskuter i samband med sporkøyring på Slondalsvatnet. Slondalsvatnet ligg som ein kile mellom nasjonalt villreinområde på tre sider, og ligg godt innanfor aktsomheitsområde for nasjonalt villreinområde. Å påstå at villrein ikkje oppheld seg på Slondalsvatnet, slik det er gjort i saksframstillinga er direkte feil.

Gruppemøte 5 min.

Kåre Olai Solheim ba om å få vurdert gildskapen sin. Han vart vurdert ugild i saka. Heradsstyret fortset med 16 røysteføre.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren vart vedteken med 13 røyster for (V, SV, AP og SP, SP) og 3 røyster mot (H,H,H)

HST - 020/26 VEDTAK:

Vedtak:

Ulvik herad gjev med heimel i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag av 15.5.1988 § 6 Mjølfjell Skilag v/Henrik Irgens løyve til bruk av snøskuter i samband med sporkøyring på Slondalsvatnet. Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld naudsynt sporkøyring med snøskuter på Slondalsvatnet for trening med trekkhundar, inn til 3 helger i perioden 2. desember 2026 til 30. april 2027. Køyreloggen her under skal fyllast ut for kvar tur før køyringa tek til:

Dato og klokkeslett	Signatur (skuterfører)

- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn løyve frå grunneigarar og eventuelt frå Voss herad for tilkomst til området.

- Slondalen ligg i aktsamheitsområde for skred. Tiltakshavar er sjølv heilt og fult ansvarleg for sikkerheita i høve til skred og trygg is mv.
- Løyvet gjeld berre køyring på trygg is og godt snødekke.
- Løyvet skal vere med under køyringa og kunne førevisast oppsynet ved kontroll.
- All motorisert ferdsle i utmark og på islagte vassdrag skal skje med alminneleg varsemnd og omtanke for å unngå skade og ulempe for natur, miljø, menneske og kulturminne.
- Ved brot på vilkåra i dette løyvet, eller ved mistanke om negative miljøkonsekvensar av tiltaket, kan Ulvik herad når som helst trekke løyvet attande.

Vedtaket er vurdert i høve til Naturmangfaldlovas §§ 8 – 12. Og det kan påklagast av part i saka eller andre med rettslege klageinteresser jamfør forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage kan stillast til Ulvik herad.

021/26: Oppdatering av lokal forskrift om opning for jakt på hjort og elg samt fastsetjing av minsteareal og fellingsavgift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik viltnemnd tilrår Ulvik heradsstyre å vedta ny forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg før jaktsesongen 2026/2027, slik:

Forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg i Ulvik herad, Vestland.

Heimel: Fastsett av Ulvik heradsstyre xx.Ox.2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Åtgang til jakt

Det opnast for jakt på hjort og elg i Ulvik herad.

§ 2. Minsteareal for hjort og elg

Område	Minsteareal Hjort	Minsteareal Elg
Ulvik herad	1 000 dekar	20 000 dekar

§ 3. Fellingsavgift for hjort og elg

Fellingsavgift vert kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Fellingsavgifta fylgjar maksimal satsen for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

§ 4. Ikraftsetjing [og oppheving]

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026 etter kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid vert forskrift om minsteareal for tildeling av fellingsløyve for hjortevilt, Ulvik herad, Hordaland av 2011.04.14 nr. 422 oppheva.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 021/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik viltnemnd tilrår Ulvik heradsstyre å vedta ny forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg før jaktseasonen 2026/2027, slik:

Forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg i Ulvik herad, Vestland.

Heimel: Fastsett av Ulvik heradsstyre xx.0x.2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Åtgang til jakt

Det opnast for jakt på hjort og elg i Ulvik herad.

§ 2. Minsteareal for hjort og elg

Område	Minsteareal Hjort	Minsteareal Elg
Ulvik herad	1 000 dekar	20 000 dekar

§ 3. Fellingsavgift for hjort og elg

Fellingsavgift vert kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Fellingsavgifta fylgjar maksimal satsen for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

§ 4. Ikraftsetjing [og oppheving]

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026 etter kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid vert forskrift om minsteareal for tildeling av fellingsløyve for hjortevilt, Ulvik herad, Hordaland av 2011.04.14 nr. 422 oppheva.

26.02.2026 Viltnemnda i Ulvik

VIL - 003/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik viltnemnd tilrår Ulvik heradsstyre å vedta ny forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg før jaktsesongen 2026/2027, slik:

Forskrift om opning for jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort og elg i Ulvik herad, Vestland.

Heimel: Fastsett av Ulvik heradsstyre xx.0x.2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Åtgang til jakt

Det opnast for jakt på hjort og elg i Ulvik herad.

§ 2. Minsteareal for hjort og elg

Område	Minsteareal Hjort	Minsteareal Elg
Ulvik herad	1 000 dekar	20 000 dekar

§ 3. Fellingsavgift for hjort og elg

Fellingsavgift vert kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Fellingsavgifta fylgjar maksimal satsen for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

§ 4. Ikraftsetjing [og oppheving]

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026 etter kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid vert forskrift om minsteareal for tildeling av fellingsløyve for hjortevilt, Ulvik herad, Hordaland av 2011.04.14 nr. 422 oppheva.

022/26: Avklaring av vidare prosess for detaljreguleringsplan Bruravik kai

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eitt av fylgjande alternativ vert vedteke:

1. Ulvik Herad jobbar vidare med prosjektet og reguleringsplanen, og ber om mekling med Statsforvaltaren
2. Ulvik Herad skrinlegg planane om oppdrettsanlegg i sjø ved Bruravik Fergekai og avsluttar planarbeidet.

15.04.2026 Heradsstyret

Venstre fremjar alternativ 2.

Røysting

Framlegg frå Venstre vart vedteken med 9 røster for (SV, V, Linn Løvtangen Skeie AP, Ronny Lunestad AP) og 8 røyster mot (H, SP)

HST - 022/26 VEDTAK:

Vedtak:

Ulvik Herad skrinlegg planane om oppdrettsanlegg i sjø ved Bruravik Fergekai og avsluttar planarbeidet.

11.03.2026 Formannskap

Høgre fremja alternativ 1:

Ulvik Herad jobbar vidare med prosjektet og reguleringsplanen, og ber om mekling med Statsforvaltaren

Venstre fremja alternativ 2:

Ulvik Herad skrinlegg planane om oppdrettsanlegg i sjø ved Bruravik Fergekai og avsluttar planarbeidet.

Røysting:

Alternativ 1 vart tilrådd med 3 røyster(H, AP, SP) for og 2 røyster (V, V) mot. Alternativ 2 fall.

FSK - 019/26 VEDTAK:**Tilråding:**

Ulvik Herad jobbar vidare med prosjektet og reguleringsplanen, og ber om mekling med Statsforvaltaren

023/26: Luktproblem på Hjeltnes og søknad om fritak for kloakkavgift**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Det vert gitt avslag på søknaden om fritak for avgift.
- Dersom luktproblemet ikkje er løyst før 1. mai skal det leggst fram ny politisk sak i juni, om utgreiing av bygging av nytt reinseanlegg, samt vurdering av evt kompensasjon.

15.04.2026 Heradsstyret

Alf Gunnar Sortland ba om å få vurdert gildskapen sin. Han vart vurdert ugild i saka. Heradsstyret fortset med 16 røysteføre.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

HST - 023/26 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:**

- Det vert gitt avslag på søknaden om fritak for avgift.
- Dersom luktproblemet ikkje er løyst før 1. mai skal det leggst fram ny politisk sak i juni, om utgreiing av bygging av nytt reinseanlegg, samt vurdering av evt kompensasjon.

11.03.2026 Formannskap**Røysting:**

Samrøystes tilrådd.

FSK - 021/26 VEDTAK:**Samrøystes tilråding:**

- Det vert gitt avslag på søknaden om fritak for avgift.

- Dersom luktproblemet ikkje er løyst før 1. mai skal det leggjast fram ny politisk sak i juni, om utgreiing av bygging av nytt reinseanlegg, samt vurdering av evt kompensasjon.

024/26: Høyringsuttale til NOU 2026: 1 - En bærekraftig kommunesektor - Kommunekommisjonens første delutredning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Då det er sær sårkande prioriteringar i høyringsinnspela, særleg med tanke på forenkling/avvikling av normkrav innan Oppvekst, og Helse og Velferd, samt i Hardangerrådet legg administrasjonen opp til at heradstyret diskuterer og vedtek kva prioriteringar Ulvik herad skal leggja til grunn i endeleg høyringsuttale som sendast inn innan fristen 16.04.

15.04.2026 Heradsstyret

Gruppemøte 5 min.

Framlegg frå Venstre:

Følgjande punkt vert teke med i høyringsinnspelet

1. Ulvik herad ynskjer å oppretthalde lærarnorm og normtal i barnehage på nasjonalt nivå
2. Det øyremerka tilskotet til vetrinærordninga vert oppretthaldt

Øvrige innspel frå rådmannen vert lagt til grunn i høyringssvaret

Røysting:

Kommunedirektøren trakk sitt framlegg til vedtak.

Framlegg frå Venstre vart samrøystes vedteken .

HST - 024/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Følgjande punkt vert teke med i høyringsinnspelet

1. Ulvik herad ynskjer å oppretthalde lærarnorm og normtal i barnehage på nasjonalt nivå
2. Det øyremerka tilskotet til vetrinærordninga vert oppretthaldt
3. Øvrige innspel frå Kommunedirektøren vert lagt til grunn i høyringssvaret

025/26: Skjenketider i samband med fotball-VM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med atterhald om at føreslått lovendring vert vedteken av Stortinget vert maksimaltida for skjenking av alkoholgruppe 1 og 2 i alkoholpolitiske retningslinjer for Ulvik herad 2024-2028 § 8 nr.1 endra til kl. 06:00. Endringane gjeld under fotball-VM for herrar 2026, og berre for skjenkestader som viser direktesende kampar. Endringane i maksimaltid gjeld berre innandørs.

15.04.2026 Heradsstyret

Katrina Kvåle Hellesnes ba om å få vurdert gildskapen sin. Ho vart vurdert ugild i saka. Heradsstyret fortset med 16 røysteføre.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 13 røyster (V, SV, AP, SP) for og 3 røyster mot (H) .

HST - 025/26 VEDTAK:

Vedtak:

Med atterhald om at føreslått lovendring vert vedteken av Stortinget vert maksimaltida for skjenking av alkoholgruppe 1 og 2 i alkoholpolitiske retningslinjer for Ulvik herad 2024-2028 § 8 nr.1 endra til kl. 06:00. Endringane gjeld under fotball-VM for herrar 2026, og berre for skjenkestader som viser direktesende kampar. Endringane i maksimaltid gjeld berre innandørs.

15.04.2026 Formannskap

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren vart tilrådd med 4 røyster(V, V, AP, SP) for og ein røyst mot(H)

FSK - 029/26 VEDTAK:

Tilråding:

Med atterhald om at føreslått lovendring vert vedteken av Stortinget vert maksimaltida for skjenking av alkoholgruppe 1 og 2 i alkoholpolitiske retningslinjer for Ulvik herad 2024-2028 § 8 nr.1 endra til kl. 06:00. Endringane gjeld under fotball-VM for herrar 2026, og berre for skjenkestader som viser direktesende kampar. Endringane i maksimaltid gjeld berre innandørs.

026/26: Bygdepris

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Ulvik herad utvidar dagens kulturpris til ein bygdepris.
- Nye kriterium for bygdeprisen blir vedtekne i tråd med framlegg til nye retningslinjer
- Jury, nominasjonsprosess og utdeling blir vidareført som i dagens ordning.
- Grunna den korte tidsfristen fram mot tildelinga av kulturprisen 2026, vert nye retningslinjer gjeldande frå 2027. Auken i pengepremien blir lagt inn i budsjettet for næringsfondet 2027.

15.04.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 026/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

- Ulvik herad utvidar dagens kulturpris til ein bygdepris.
- Nye kriterium for bygdeprisen blir vedtekne i tråd med framlegg til nye retningslinjer
- Jury, nominasjonsprosess og utdeling blir vidareført som i dagens ordning.
- Grunna den korte tidsfristen fram mot tildelinga av kulturprisen 2026, vert nye retningslinjer gjeldande frå 2027. Auken i pengepremien blir lagt inn i budsjettet for næringsfondet 2027.

11.03.2026 Formannskap

Endringsframlegg frå AP:

Nytt punkt 4: Dei nye retningslinjer er gjeldande frå 2026. Auken i pengepremien blir lagt inn i budsjettet for næringsfondet 2027.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren vart tilrådd med 4 røyster (V, V, SP, H) for og 1 røyst (AP) mot. Framlegg frå AP fall.

FSK - 025/26 VEDTAK:

Tilråding:

- Ulvik herad utvidar dagens kulturpris til ein bygdepris.
- Nye kriterium for bygdeprisen blir vedtekne i tråd med framlegg til nye retningslinjer
- Jury, nominasjonsprosess og utdeling blir vidareført som i dagens ordning.
- Grunna den korte tidsfristen fram mot tildelinga av kulturprisen 2026, vert nye retningslinjer gjeldande frå 2027. Auken i pengepremien blir lagt inn i budsjettet for næringsfondet 2027.

027/26: Suppleringsval i perioden 2025-2027

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Nytt medlem i Klagenemnda for utskriven eigedomsskatt:

Nytt medlem i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne:

Ny vara nr. 2 i Taksnemnd for eigedomsskatt:

15.04.2026 Heradsstyret

Framlegg frå Valnemnda:

Ny vara til administrasjonsutvalet er Paul Richards i stadenfor Hans Åge Ohnstad-Johansen.

Dei andre er ikkje på plass og ein ber om at det vert utsatt til neste heradsstyremøte.

Røysting:

Framlegget frå Valnemnda vart samrøystes vedteken.

HST - 027/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ny vara til Administrasjonsutvalet er Paul Richards istadenfor Hans Åge Ohnstad-Johansen.

Dei andre er ikkje på plass og ein ber om at det vert utsatt til neste Heradsstyremøte.